

Hamneregulativ med betalingssetar og retningsliner Volda hamn

1 KAIVEDERLAG

Alle fartøy som legg til kai i Volda Hamn plikter å registrere seg ved tilkomst til kaia. Alle fartøy plikter å betale kaivederlag med unntak nemnd i punkt 1.3. All informasjon om registrering og fakturering skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på Volda Kommune sine heimeside og på oppslagstavler på kaiområdet.

1.1 Berekningsgrunnlag for kai vederlag

Alle fartøy med unntak nemnt i punkt 1.3, pliktar å betale kaivederlag for bruk av kommunale kaier etter følgjande setar:

KAIVEDERLAG

BRUTTOTONNASJE	INTERVALL	SATS PR. TONN
For dei fyrste 300BT	1 - 300	kr 0,72
For dei neste 300BT	301 - 600	kr 0,57
For dei neste 600BT	601 - 1200	kr 0,42
For dei neste 800BT	1201 -2000	kr 0,39

MINSTEPRIS KAIVEDERLAG

PRISTYPE	FARTØYSTYPE	PRISSATS
Minstepris yrkesfartøy	Fartøy under 12 meter	kr 105,00
Minstepris yrkesfartøy	Fartøy mellom 12-15 meter	kr 210,00
Minstepris yrkesfartøy	Fartøy over 15 meter	kr 310,00

1.2 Kaivederlag for fritidsbåtar

For bruk av kommunale kaier, skal fritidsbåtar betale følgjande vederlag:

Båtar under 10 meter betalar kr. 80,- per døgn.

Båtar over 10 meter betalar kr. 105,- per døgn.

1.3 Grunnlag for ilegging og utrekning av kaivederlag

Følgjande er lagt til grunn for utrekning og pålegg om kaivederlag:

- Alle fartøy som legg til kai i Volda Hamn plikter å registrere seg ved tilkomst.
- Fartøy som innan rimelig tid etter innkomst ikkje har registrert seg vil utan skriftleg åtvaring kunne bli pålagt eit straffegebyr pålydande kroner 15.610,- per døgn. For fritidsbåtar er gebyret på kroner 1.560,- per døgn.
- Kaivederlag betalast fullt ut per påbyrja døgn til kai.
- Liggetid vert rekna frå fartøyet legg til kai og til det går frå kai.
- Eit døgn vært rekna som 24 timer frå tilkomst.

- f. For kvart nytt døgn skal det betalast fullt kai vederlag.
- g. Fartøy som har lasta eller lossa varer plikter å registrere dette før ein forlet kaia.
- h. Fartøy som ikkje registrerer lasta eller lossa varer kan blir pålagt eit gebyr på opp til kroner 15.610,-.
- i. Orlogsfartøy, både norske og utanlandske, er fritekne frå kai vederlag.
- j. Rutegående fartøy er fritekne frå kai vederlag.
- k. Fiskefartøy som omset fangst direkte til forbrukar ved kommunal kai, betalar ikkje kai vederlag innanfor det regulerte området definert i vedlegg I.
- l. Kaiarealet som er regulert for omsetting av sjømat direkte til forbrukar kan berre nyttast mellom kl. 07:00 til 18:00 alle dagar. Utanfor dette tidsrommet er det ikkje tillate å ligge fortøya til det oppmerka området.

Alle fartøy, enten dei er fritekne frå kaivederlag eller ikkje, pliktar å ta den plassen som vert tilvist frå kommunen. Dersom det er naudsynt kan kommunen seinare krevje forhaling eller flytting av fartøy.

1.4 Langtidsleige

Allmenningskaia

Volda kommune har regulert eit området markert raudt i vedlegg I. Det er her moglegheit til å søkje om langtidsleige direkte til kommunen. Pris og lengde på leigeavtalen avtalast etter skjøn, avhengig av lengde på båt og lengde på avtalen.

Vikeneskaia

Det er mogleg å inngå langtidsleige på Vikeneskaia. Søknad om langtidsleige skal være skriftleg til kommunen. Pris og lengde på leigeavtalen avtalast etter skjøn, avhengig av lengde på båt og lengde på avtalen. Kommunen held fast ved retten til å krevje at fartøy må forlate kaia dersom det oppstår omstende som krev at kai arealet må frigjerast. Leigar skal ikkje betale leige i perioden kommunen krev at fartøyet forlet kaia. Leigar har ikkje moglegheit til å seie opp leigeavtalen utan å betale ein kompensasjon for tapt inntekt for kommunen. Kompensasjonen vert vurdert ut frå lengda på den attståande tida og prisen på leigeavtalen.

1.5 Straffegebyr

Fartøy som ikkje registrerer seg innan ein time etter tilkomst vil verte pålagde eit straffegebyr på kroner 15.610,-.

2 VAREVEDERLAG

For varer som vert lasta eller lossa over kommunal kai skal det betalast eit varevederlag som vert rekna ut på grunnlag av sendinga si bruttovekt for vektvarer og bruttomål for kubikkvarer. Fartøy som lastar eller lossar er ansvarleg for at varevederlaget og registrering av talet på tonn vektvare eller kubikkvare som blir lasta/lossa.

VAREVEDERLAG

Tonn vektvare	à 12,5 kr
Kubikkmeter	à 6,2 kr
Singel/sand/pukk pr. tonn	à 3,6 kr

Varevederlag dekkjer lagring av varar på kaia eller kommunen sine areal i inntil 48 timar etter at vara er lossa/laste frå/til fartøy.

Om same vare blir lasta og lossa frå kaia, betalast vareavgifta ein gong.

2.1 Opplagsvederlag

Varer som vert lossa og opplagd på kommunal kai eller grunn må snarast råd fraktast bort, dersom ikkje kommunen gjeve løyve til lagring.

For varer som vert liggjande lagra over 48 timar (Søndag og heilag dagar, 1. og 17. mai er ikkje medrekna) pliktar eigar av vara å betale opplagsvederlag til Volda kommune kvart døgn eller ved start av nytt døgn etter følgjande takstar.

Kr. 10,50 per kvadratmeter

Sand, singel, pukk og liknande har ein avgift på 3,1 kr per tonn.

Kommunen er utan ansvar for varer som vert lagra på kommunal kai eller grunn. Dette gjeld både skade på vare og sikring/avsperring av lagerplass.

3 Straumavgift

Alle fartøy som ønskjer å kople seg på straumnettet betaler ein fast pris per døgn. Minstesum for straumavgift er eit døgn.

STRAUMAVGIFT

400V Uttak	Kurs	Maks effekt	Grunnpris	Straumpris pr. døgn	Pris 1.døgn
S4	100A	58kw	343	1457	1800
S3	63A	36kw	343	905	1250
S2	32A	18kw	343	457	800
230V Uttak					
S4	125A	42kw	343	1041	1385
S3	63A	20kw	343	500	845
S2	32A	10kw	343	250	595
S1	16A	5kw	343	125	470

3.1 Påkoplingsgebyr for vatn og straum

Ved tilkopling til vatn og straum kjem det eit tilkoplingsgebyr på kroner 520,- per tilkopling. Avgifta inkluderer også fråkopling. Om vatn og straum tilkoplast samtidig skal ein berre betale for ei tilkopling.

3.2 Kaidimensjonar

Vikeneskaia har ein dimensjonerande tillat vekt på 3 tonn/m² i opplagringskapasitet.

Pullertfesta er 50T, og bruttotonnasje for båt skal ikkje overstige (BT) 12500T totalt.

4 Renovasjonsgebyr

Alle fartøy som anløper i ei hamn må betale eit gebyr uavhengig av om det vert levert avfall frå skipet til mottaksordninga eller ei. Dette gjeld i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 20 sine avgjerder om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip.

GEBYRSATSAR

Fartøystørrelse:	Avgift i NOK:
Fartøy mellom 50 og 200 b.t.	50
Fartøy mellom 200 og 1000 b.t.	105
Fartøy mellom 1000 og 5000 b.t.	155
Fartøy mellom 5000 og 10000 b.t.	260
Fartøy over 10000 b.t.	675

Fartøy som ligg i meir enn ei veke, betalar ein gong pr. påbegynte veke.


Dato: 20.09.2019

Prisjustert etter KPI den 29.10.2021. Gjeldande frå 01.01.2022 – vedteke i Volda kommunestyre den 16.12.2021, sak 135/21.

Alle betalingsattsar eks mva.

Vedlegg I

Allmenningskaia regulert for ulike formål.



Gult – Regulert for gjestehamn

Blått – Regulert for sal av fisk og anna sjømat

Raudt – Regulert for langtidsleige